



Vartdal Gjenvinning AS

6170 Vartdal

christine@vgjenvinning.no

Oversending av endra løyve for handtering av avfall på Botnastranda industriområde i Flora kommune.

**Fylkesmannen har endra løyve etter ureiningslova til handtering av avfall for Vartdal
Gjenvinning AS sitt anlegg på Botnastranda.**

Løyvet med tilhørande vilkår vert sendt saman med dette brevet.

**Forvaltninga sitt arbeid med utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, og verksemda
vil få betalingskrav i etterkant.**

Vi viser til søknad frå Vartdal Gjenvinning AS datert 21.03.2018 om løyve til mottak og miljøsanering av fritidsbåtar, og om endringar i eksisterande løyve for å kunne ta imot blybatteri og større mengder metallskrap enn i dag.

Når vurdering av søknad endar – som her - med utsleppsløyve til aktivitet, vert vedtaket send ut som to skriv: dette oversendingsbrevet og løyvedokumentet. Oversendingsbrevet omtalar bakgrunn for saka og søknadsprosessen. Det gir nærare grunngjeving for vedtaket og enkelte vilkår, og må nyttast som tolking av nærare krav i enkelte av vilkåra. I vedlagte skriv (løyvedokumentet) gir Fylkesmannen utsleppskonsesjon (utsleppsløyve) på omtalt stad og for nærare avgrensa aktivitet. Merk at både vilkår og vedlegg til løyvedokumentet er ein del av dei juridiske krava til verksemda. Verksemda må leggje dokumenta til grunn for all dagleg drift som kan omfatta ytre miljø, og som viktig føring for utarbeiding og oppfølging av internkontroll.

Saksframstilling

Vartdal Gjenvinning AS er ei etablert verksemd som har hatt løyve til avfallshandtering på Botnastranda sidan 2007. Verksemda har søkt om endring av nokre av vilkåra i løyvet for å få ta imot vesentleg meir metallskrap enn i dag på årsbasis, men det vil ikkje vere behov for endring i maksimal mengde metall som til ei kvar tid kan lagrast ved anlegget. I tillegg ønskjer dei å kunne ta imot og mellomlagre blybatteri.

Vartdal Gjenvinning AS søker også om løyve til å ta imot og miljøsanere kasserte fritidsbåtar opp til 49,25 fot ved anlegget på Botnastranda. Vartdal Gjenvinning AS har siste året teke imot kasserte fritidsbåtar under 15 fot på vegne av Flora kommune.

Førehandsvarsling og offentlig høyring

Søknaden har vore kunngjort i avisene Firda og Firdaposten, førehandsvarsla til kommune og naboar og har vore lagt ut til offentlig gjennomsyn ved tenestetorget i Flora kommune i tida 13.04.2018 til 13.05.2018.

Det har ikkje komme uttaler til søknaden.

Miljøpåverknad frå aktivitetane

Avfallshandtering kan gje fleire ulike miljøpåverknader.

Anlegget tar imot, sorterar, sanerer og mellomlagrar for å få gunstige transportmengder eller tilstrekkeleg reine fraksjonar til at fråsortert avfall får høgast mogleg restverdi. Handteringa vil vere støyande og kan føre til støving. Ved handtering av avfall og maskiner kan uhell føre til oljesøl, eller tilgrisa avfall kan lekke oljehaldig vatn. Alt slikt vatn skal førast til oljeutskiljar.

Av di avfall kan vere skjemmande, er det krav om innbygging / inngjerding av delar av anlegget.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for fastsette vilkår

Vilkåra er noko endra i tekst og utforming i høve til tidlegare løyve, og det er teke inn nye krav til handtering av kasserte fritidsbåtar. Vilkåra er likevel ikkje meint innskjerpa eller lempa på i høve til noverande aktivitet.

Vi vil streke under at all ureining frå og innsyn til verksemda frå offentlig område isolert sett er uønskt. Løyvet må likevel forståast som eit løyve til ureining. Det er såleis sett krav for å minimalisere ureining og miljøulempe frå aktivitetane utover det som er nødvendig som følge av drifta. Faktorane som vi vurderer har størst innverknad på miljøet, er regulerte gjennom dei spesifikke vilkåra. Utslepp som ikkje er regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagde fram i samband med saksbehandlinga eller må reknast som kjende på anna måte då vedtaket vart gjort. Verksemda pliktar å halde alle utslepp på eit lågast mogleg nivå, og pliktar å rydde opp i eventuell ureining eller forsøpling så snart som råd, jf. dei generelle pliktane som følgjer av §§ 7 og 28 i ureiningslova.

Vi gjer spesielt merksam på at mange krav går direkte fram av lov/forskrift og er difor ikkje gjentekne i det vedlagte løyve. Når enkelte lovkrav er spesielt nemnde, har vi meint å informere verksemda om spesielt viktige krav, og i nokre høve presisert og tilpassa generelle reglar til verksemda. Ved tvil om tolking må spørsmålet avklarast med Fylkesmannen.

Kommentarar til enkelte vilkår

Krav til maksimal konsentrasjon av olje i vatn etter **oljeutskiljar**, er sett likt med tidlegare løyve, men kravet til målefrekvens er auka frå 1 gong pr. år til minimum 2 gonger pr. år. Dette er gjort fordi auka aktivitet på anlegget gjer at kontroll med at reinseinnetningar fungerer som dei skal vert viktigare.

Grenseverdien for olje i avløpsvatn er sett lik grenseverdien i ureiningsforskrifta for mindre verksemder som har oljehaldig avløpsvatn. For oppfølging (dokumentasjon, analyse, tømning osv.) kan verksemda følge dei generelle krava i ureiningsforskrifta kap. 15 så langt den passar eller ikkje er endra i vilkår til løyvet/andre krav frå Fylkesmannen.

Drifta ved anlegget vil føre til **støy**, men endringane i løyvet skal ikkje føre til auka støynivå. Utslepp av støy er gjort lovleg i tidlegare løyve, og er vidareført her på same nivå.

Tilhøva til naturmangfaldlova og vassforskrifta

I tillegg til retningslinene i ureiningslova, er også prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova lagt til grunn for vår vurdering. Arealbruken er i samsvar med endeleg vedtak etter plan- og bygningslova, og er opparbeidd til industriføremål. Naturmangfald vert difor i liten grad omfatta av denne løyveendringa, og nærare vurderingar etter §§ 9 – 12 er vurdert å vere unødvendig. Omsyn til miljøet er forsøkt ivareteke så langt det er mogleg med fastsetjing av vilkåra for drifta.

Det er ikkje gitt løyve til utslepp til vatn frå verksemda, og Fylkesmannen har vurdert at den omsøkte aktiviteten ikkje er relevant i høve til føringane i vassforskrifta.

Fylkesmannen vurderer at dei samla miljø- og helsemessige konsekvensane av utsleppa – med dei vilkåra som er sette, vil vere akseptable.

Konklusjon

På bakgrunn av søknaden, og etter ei heilskapleg vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold, vurderer Fylkesmannen at endra utsleppsløyve med dei tilhøyrande vilkåra som omtalt i løyvedokumentet kan gjevast.

Fylkesmannen har vald å skrive ut nytt løyve av di utforminga av løyveskriva har endra seg.

Løyvedokumentet (utsleppskonsesjon) vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller som er presisert eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket, er samla i løyvedokumentet.

Fristar

Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak som løyvet krev:

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Miljørisikoanalyse og internkontroll	Må oppdaterast minst årleg	2.4
Informasjon til kundar	Kvar nye kunde, elles jamleg	3.3
Prøvetaking av olje i oljeutskiljar	Min. 2 gonger per år	4.1
Vurdere utbytting av miljøfarlege kjemikal (substitusjon)	Min. årleg	6
Øving av beredskap	Min. årleg	8

Rapportering til Fylkesmannen	Årleg 1.mars eller særskild frist det enkelte året	10
Oversikt over miljøpåverknad frå aktiviteten	Årleg til ålmenta	Miljøinformasjonslova

Vedtak om gebyr

Fylkesmannen si handsaming av søknader om nytt eller endra utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, jf. kap. 39 i ureiningsforskrifta. Vi viser til varsel om gebyrplikt datert 11.04.2018, og vedtek med dette at verksemda må betale eit gebyr til staten på kr. 26.200,- for Fylkesmannen si handsaming av søknaden, jf. § 39-4 i ureiningsforskrifta. Faktura vert sendt ut seinare av Miljødirektoratet.

Ressursbruk knytt til saksbehandlinga er lagt til grunn ved fastsetjinga.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Internkontroll

Det er ein føresetnad at verksemda har ein internkontroll som tek omsyn til verksemda sine plikter for å hindre ureining av ytre miljø, og som sikrar at verksemda oppfyller dei krava som går fram av lover, forskrifter og utsleppsløyvet.

Vi vil streke under at all ureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Jamvel om utslepp vert halde innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkelig er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å stette alle relevante krav i ureiningslova og produktkontrolllova med forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av mest relevante forskrifter er nemnt i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan være aktuelle for verksemda, viser vi til www.regelhjelp.no.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Brot på ureiningsregelverket er som hovudregel underlagt offentleg påtale. Ureiningsstyresmakta vil likevel til vanleg krevje straff for alvorlege eller gjentekne brot på regelverket. For andre brot på regelverket – og som verksemda ikkje straks/innan rimeleg tid rettar opp, kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp vil til vanleg Fylkesmannen gjere vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73. Hastar det å gjennomføre nødvendig tiltak kan Fylkesmannen også sørgje for igangsetjing av tiltak for den ansvarlege si rekning, jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

At ureininga er tilleten, fritek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap. 8 (spesielt § 56), og grannelova §§ 6, 7 og 8.

Dette løyvet fritek ikkje søkjaren for ansvar etter anna lovverk som gjeld for denne verksemda, til dømes om arbeidsmiljø, helse eller brannvern.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan **tre veker** etter melding om vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal omtale nærare kva det vert klaga på, og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller av eige tiltak, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen. Andre opplysningar om reglar som har noko å seie for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Offentleggjing av løyvet

Verksemda skal gjere vedtaket offentleg kjent, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta. Den som har fått løyvet skal så snart som råd kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Kopi av kunngjering skal sendast til Fylkesmannen.

Løyvet vert også publisert på Fylkesmannen si nettside.

Med helsing

Eline Orheim
Assisterande fylkesmiljøvernssjef

Grete Haugan
Senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Sendt saman med dette brevet: Utsleppsløyvet med vilkår

Kopi til: Flora kommune



**Løyve etter ureiningslova for handtering av kasserte fritidsbåtar,
bilvrak, metall- og EE-avfall
på Botnastranda industriområde i Flora kommune
for
Vartdal gjenvinning AS**

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova) § 11, jf. § 16, § 29, og § 11-6 i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 1.6.2004 (avfallsforskrifta). Løyvet er endra i medhald av § 18 i ureiningslova. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad og som er komne fram under behandlinga av søknaden.

Dette løyvedokumentet erstattar løyvet datert 26.06.2009.

Verksemddata

Ansvarleg verksemd, anlegg	Vartdal gjenvinning AS		
Adresse, poststad	6170 Vartdal		
Besøksadresse	Botnastranda industriområde		
Kommune og fylke	Flora i Sogn og Fjordane		
Gards- og bruksnr.	18/199	UTM midtpunkt	293601 6837056 (UTM 32)
Org. nummer (verksemd)	916263791	Org.nr. (eigd av)	955 494 083
NACE-kode	38.21 Behandling og disponering av ikkje-farleg avfall 38.22 Behandling og disponering av farleg avfall		

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Aktivitet	Løyvenummer
2007/3170	1401.0099.01 (bilvrak)	Ordinært avfall	2009.111.T
2009/795	1401.0099.02 (ordinært avfall)	Farleg avfall	
	1401.0099.04 (farlig avfall – mottak og mellomlagring)	Kasserte kjøretøy Kasserte fritidsbåtar	

Løyve gitt: 17.12.2007	Endringsnummer: 2	Denne endringa: 28.08.2018
Eline Orheim ass.fylkesmiljøvernsjef	Grete Haugan senioringeniør	

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Endringslogg

Endring nr.	Dato endra	Vilkår nr.	Omtale
1	26.06.2009	1	I tillegg til metall og bilvrak er det gitt løyve til mottak og mellomagring av næringsselektroavfall og forbrukarelektroavfall inntil 2000 tonn per år
2	28.08.2018	1 4.1 Vedlegg 1	Løyve til mottak og handtering av fritidsbåtar og auka ramme for metallskrap og blybatteri. Auka målefrekvens for oljehaldig avløpsvatn. Oppdatert liste over prioriterte stoff.

Innhald

1. Handtering og rammer	4
2. Generelle vilkår	4
2.1. Avgrensing av utslepp	4
2.2. Plikt til å redusere ureining så langt som råd	4
2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold	5
2.4. Internkontroll, HMS-dokumentasjon for ytre miljø	5
2.5. Nærmiljø	5
3. Handtering av avfall	6
3.1. Bemanning og kompetanse	6
3.2. Mottak og journalføring	6
3.3. Informasjon til kundar	7
3.4. Fråsortering og mellomlagring	7
3.5. Miljøsanering av kasserte køyretøy	7
3.6. Pressing eller anna sluttbehandling av kasserte køyretøy	8
3.7. Miljøsanering av kasserte fritidsbåtar	8
3.8. Særskild om farleg avfall	8
3.9. Eige avfall	9
4. Utslepp til grunn, vatn og luft	9
4.1. Utsleppsavgrensingar	9
4.2. Utsleppstad for prosessavløp	10
4.3. Utslepp til luft	10
5. Støy	10
5.1. Utsleppsgrenser	10
6. Kjemikal	10
7. Energibruk	11
8. Beredskap mot akutt ureining o.l.	11
8.1. Varsling av akutt ureining	11
9. Utsleppskontroll og overvaking	11
9.1. Kartlegging av utslepp	11
9.2. Utsleppskontroll	11
9.3. Overvaking av resipientar	12
10. Rapportering til Fylkesmannen	12
11. Økonomiske forhold	12
11.1. Finansiell sikring	12
11.2. Krav til rekneskap ved lagring av farleg avfall	12
12. Større endringar	13
12.1. Utskifting av utstyr	13
12.2. Eigarskifte	13
12.3. Nedlegging eller lengre driftsstans	13
VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. vilkår 2.1	14
VEDLEGG 2 - Definisjonar	16
VEDLEGG 3 – Innhald i årsrapport	18

1. **Handtering og rammer**

Løyvet gjeld for mottak og handtering¹ av inntil:

	Årleg mottak	Samtidig lagra
Kasserte køyretøy	1000 stk	100 stk
Kasserte fritidsbåtar under 15 meter	1000 tonn	50 stk
Kasserte fritidsbåtar over 15 meter		20 stk
Anna metallskrap	15000 tonn	5000 tonn
EE-avfall som definert i § 1-3 i avfallsforskrifta (kapittel om kasserte elektriske og elektroniske produkt)	2000 tonn	1000 tonn
Blybatteri	150 tonn	60 tonn

Talet på kasserte køyretøy og båtar, og mengda metallskrap og anna avfall må likevel ikkje vere høgare enn det som til ei kvar tid kan lagrast og handterast på ein trygg og miljøsikker måte.

I tillegg til miljøsanering av kasserte bilar og båtar, omfattar handteringa: mottak, inn- og uttransport, sortering, om-emballering, omlasting og mellomlagring av nemnde avfallstypar. Når det gjeld anna metallskrap enn frå bilvrak omfattar handteringa også nedklipping til lastbare einingar.

Handteringa omfattar ikkje anna behandling, disponering eller innsamling av anna farleg avfall. Handteringa omfattar ikkje demontering av EE-avfall eller tapping av kuldemøblar.

2. **Generelle vilkår**

2.1. **Avgrensing av utslepp**

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er vurderte å ha størst effekt på miljøet, er uttrykkeleg regulerte i vilkåra i dette løyvet.

Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagt fram i samband med sakshandsaminga, eller på annan måte må ha vore kjent når dette løyvet vart vedteke. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter som er oppførte i vedlegg 1.

2.2. **Plikt til å redusere ureining så langt som råd**

All ureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

¹ Sjå definisjon i vedlegg 2

2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunner oppstår fare for auka ureining, skjemmande aktivitetar eller liknande, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg ² informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få uføresette følgjer. Akutt ureining skal varslast i høve til vilkår 8.1.

2.4. Internkontroll, HMS-dokumentasjon for ytre miljø

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse³ av aktivitetane sine. Analysen skal omtale alle forhold ved verksemda som kan medføre fare for ureining eller avfallsproblem på eller utanfor verksemda sitt område. Ved modifikasjonar og endra produksjons- eller utsleppsforhold skal analysen oppdaterast. Med grunnlag i analysen skal verksemda vurdere risiko⁴ og fastlegge akseptabel risiko for det ytre miljøet. Fylkesmannen kan overprøve verksemda sine vurderingar og konklusjonar.

Verksemda sin internkontroll⁵ for ytre miljø skal vere bygd opp etter resultat frå risiko-vurderingane, krav i dette løyvet og relevante krav elles etter ureiningsregelverket. Internkontrollen skal vere dokumentert og etterprøvbart i samsvar med dokumentasjonskrava i gjeldande forskrift. Oppfølginga av oppdatert dokumentasjon skal bidra til å sikre at verksemda til ei kvar tid stetter krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrollova og dei relevante forskriftene til desse lovene.

Verksemda skal ha eit dokumentert system for registrering og oppfølging av uønska hendingar. Plikta gjeld både for interne meldingar og melding/klage frå andre. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hending, og omtale tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentaking.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som kan bli truga av akutt ureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan gje negativ effekt på miljøet ved utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

2.5. Nærmiljø

Verksemda skal syte for at uvedkommande ikkje har tilgang, og at nærmiljøet er skjerma mot innsyn og støy frå anlegget. Minimum inngjerding er 2 meter høgt gjerde og solid låsbar port ved innkøyring. Det skal vere samsvar mellom stablingshøgda og høgda på gjerdet eller anna skjerming. Den ansvarlege skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av drifta vert redusert til eit minimum.

² Merk at verksemda også har varslingsplikt etter forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269.

³ Framgangsmåten bør følge NS 5814:2008 Krav til risikovurdering (eller seinare utgåve)

⁴ For lukt skal ein vurdere risiko i samsvar med tilrådingane i TA3019/2013, vedlegg 3 (Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven)

⁵ Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

Vinddrift eller annan fysisk forflytting av avfall ut over avsett område, er ikkje tillate. Om nødvendig må høgare gjerde/levegg setjast opp.

Alt råstoff, produksjonseiningar, avfall, produkt m.m. som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte kan vere ein fare eller ulempe for miljøet skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande.

Handtering av metall og andre særleg støyutsette aktivitetar skal om mogleg skje innandørs.

3. Handtering av avfall

3.1. Bemanning og kompetanse

Bemanninga ved anlegget skal vere tilstrekkeleg til at avfall vert teke hand om på ein forsvarleg måte.

Tilsette som handterer farleg avfall skal ha fått særskild opplæring, anten av anerkjend nasjonalt kompetansemiljø, eller etter nærare krav frå Fylkesmannen. Alle aktuelle personar skal halde seg oppdaterte om gjeldande reglar og normer om stoff/avfall som kan takast i mot på anlegget, og verksemda skal ha ein plan for korleis kompetansen skal haldast ved like og aukast.

Dersom ikkje anna er fastsett i dette løyvet, skal anlegget drivast i samsvar med gjeldande retningslinjer, forskrifts- og lovkrav for mottak av EE-avfall, behandlingsanlegg for kasserte køyretøy og mottak av farleg avfall.

3.2. Mottak og journalføring

Alle nødvendige opplysningar om avfallet skal journalførast. Kvar post skal ha sitt eige løpenummer (lagernummer).

Driftsjournalen skal minst innehalde: Dato for mottak, avfallsprodusent, mengd avfall og tal einingar. Det skal og registrerast i journalen når avfallet forlet plassen og kor det vert levert (dato og namn).

Nødvendige opplysningar om avfallet skal vere lett tilgjengelege ved kontroll. Fylkesmannen kan påleggje mottaksanlegget å sende kopi eller samandrag av alle journalar til Fylkesmannen eller andre, sjå også vilkår 10 og Vedlegg 3 om årsrapport. Driftsjournalen skal takast vare på i minst 5 år, og han skal på førespurnad leggast fram for ureiningsstyresmaktene.

Det skal òg gå fram av journalen når oljeutskiljar eller oppsamlingstank er tømd, og korleis dette avfallet er disponert. Kvittering frå avfallsmottakar skal kunne leggast fram.

3.3. Informasjon til kundar

Verksemda skal gi kundane nødvendig informasjon med omsyn til kva for typar avfall som kan leverast til, eller takast i mot ved anlegget. Informasjonsomfanget skal også bidra til å sikre best moglege sorteringsordningar hos kundane.

3.4. Fråsortering og mellomlagring

Miljøfarlege væsker og delar/komponentar som inneheld miljøfarlege væsker i bilvrak, skal fjernast frå vraka så raskt som mogleg etter innlevering, og om mogleg innan utgangen av neste arbeidsveke. Lagring av kasserte køyretøy for plukking av delar, skal skje på eige avgrensa område, og slik at aktiviteten på området ikkje fører til ureining.

Område for lagring og demontering m.v. av kasserte køyretøy skal minst oppfylle krava til fast, ugjennomtrengelig dekke, jf. "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)", kapittel 4 – Kasserte køyretøy, vedlegg 1.

Dette gjeld som eit minimum følgjande område:

- område for lagring av ikkje tømde/miljøsanerte køyretøy
- område for miljøsanering

Køyretøy som er særleg skadd, eller som av andre grunnar utgjer ein ureiningsfare, må alltid lagrast på område med fast dekke.

Løyvet omfattar frakt av EE-avfall frå kommunale mottak til anlegget. Verksemda skal så langt råd sortere EE-avfallet i grupper som lista i vedlegg 1 til kap. 1 i avfallsforskrifta.

Fråsortert, vanleg avfall kan mellomlagrast ved anlegget i maksimalt 12 månader før vidarelevering til godkjente mottak. Mottak, lagring, sortering og levering av EE-avfall skal skje slik at høvet til gjenvinning/demontering av avfallet ikkje vert redusert, og slik at miljøskadelege stoff ikkje lek ut.

Avfall skal leverast til/hentast av godkjende mottakarar:

- Farleg avfall: godkjent innsamlar eller behandlingsanlegg for farleg avfall, jf. kap 11 i avfallsforskrifta.
- Bilvrak: godkjent retursystem for kasserte køyretøy, jf. kap. 4 i avfallsforskrifta.
- EE-avfall: godkjent returselskap eller behandlingsanlegg, jf. kap. 1 i avfallsforskrifta.
- Anna avfall: Anlegg som har løyve frå Fylkesmannen eller Miljødirektoratet.

Brenning eller nedgraving av avfall er ikkje tillate.

3.5. Miljøsanering av kasserte køyretøy

Miljøsanering av kasserte køyretøy skal minst følge krava i "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)", kapittel 4 – Kasserte køyretøy, vedlegg 1.

Miljøsanering skal skje på område med fast, tett dekke.

Etter tapping av væske skal vraket korttidslagrast på tappeplassen, slik at all væske kan renne av.

3.6. Pressing eller anna sluttbehandling av kasserte køyretøy

Løyvet føreset at det ikkje vert utført pressing på området, men at mottekne og miljøsanerte køyretøy vert transporterte til pressing eller anna godkjent sluttbehandling.

3.7. Miljøsanering av kasserte fritidsbåtar

Båtar med marin begroing eller som er ekstra skitne utvendig eller innvendig skal gjerast rein på tett, avløpsfritt område. Det er ikkje tillate å sleppe dette ureina vatnet til sjø.

Følgjande material, blandingar og komponentar skal fjernast manuelt som eit første trinn i behandlingsprosessen, med mindre det kan dokumenterast minst like god miljømessig forsvarleg behandling ved ein mekanisk, kjemisk eller metallurgisk prosess:

- batteri og tankar for flytande gass
- oljefiltre
- drivstoff, olje og alle andre væsker som inneheld farlege stoff
- kvikksølvhaldige komponentar
- elektriske og elektroniske komponentar
- septiktankar

Verksemda skal vurdere om båten inneheld andre material, blandingar eller komponentar som er farleg avfall. Material, blandingar og komponentar som er farleg avfall eller radioaktivt avfall, skal fjernast frå båten og handterast i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 11 og 16.

3.8. Særskild om farleg avfall

Ved mottak av farleg avfall frå verksemdar⁶ skal løyveharar sjå til at avfallet er deklarerert. For farleg avfall må ein i tillegg til journalkrava i vilkår 3.2 registrere: deklarasjonsnummer, avfallstoffnummer, EAL-kode og ved samdeklarerung - overført samdeklarasjonsnummer. Dersom ein leveranse inneheld fleire avfallstypar, må det vere minst ein deklarasjon for kvar avfallstype. Verksemda som leverer farleg avfall er sjølv ansvarleg for at deklarerung er utført korrekt. Dersom dette ikkje er gjort må løyveharar gjennomføre opplæring. Særskild liste skal førast over verksemdar som ikkje deklarerer korrekt.

Handtering av miljøfarlege væsker og anna farleg avfall som følgjer med kasserte køyretøy og fritidsbåtar eller som oppstår ved verksemda, skal skje i samsvar med "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)", kapittel 11 – Farleg avfall.

Mottak av anna farleg avfall enn batteri, det som følgjer med køyretøy eller kasserte fritidsbåtar eller som er definert som EE-avfall er ikkje tillate utan særskilt løyve frå Fylkesmannen.

Ved mottak av EE-avfall som må deklarerast som farleg avfall, er kommunen ansvarleg for deklarerung for farleg avfall frå husstandar. Verksemda kan utføre den praktiske registreringa av farleg avfall etter skriftleg avtale med avfallshavar. Avfallshavar skal så raskt som mogleg motta og kunne oppbevare all dokumentasjon om eige avfall.

Området for handtering av farleg avfall skal vere fysisk skild frå annan aktivitet ved verksemda. Motteke farleg avfall skal ikkje handterast saman med, eller blandast med anna avfall.

⁶ Gjeld for tida lysstoffrør og batteri

Mellomlagring av farleg avfall skal skje slik at ulike typar ikkje kan blandast eller gir utslepp frå uhell eller lekkasje. Lagring skal skje på særskild avsett område. Avfallet skal vere skjerma mot nedbør. Lagring skal skje på ugjennomtrengelig fast dekke eller i container med dobbel botn. Avfallstypane skal vere varig merkt. Stoff som ikkje kan samlastast i høve ADR-reglane skal lagrast på fysisk skilde område.

Alt farleg avfall som forlet anlegget skal vere deklarerert. Motteke farleg avfall skal til vanleg leverast vidare til godkjent mottak innan 12 månader.

3.9. Eige avfall

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna restavfall som følgje av drifta.

4. Utslepp til grunn, vatn og luft

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunn eller vatn. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal, skal handterast slik at det ikkje medfører skade eller ulempe for miljøet.

Alle faste flater skal vere knytt til avløp med oljeutskiljar og sandfang. Område som blir nytta til avtapping av andre miljøfarlege væsker enn olje og til mellomlagring av anna farleg avfall (utanom oljehaldig) skal ha tett dekke og kunne samle opp eventuelt søl/lekkasjar før det renn til grunnen.

Verksemda pliktar å halde oversikt over eventuell ureina grunn på eige område og ureina sediment utanfor. Ein skal til ei kvar tid ha oversikt over faren for spreining, og vurdere behovet for undersøkingar og tiltak. Dersom det er grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak vil vere nødvendig, skal ureiningsstyresmakta varslast om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke ureina grunn eller ureina sediment, treng løyve etter ureiningslova, evt. godkjenning frå kommunen.

4.1. Utsleppsavgrensingar

Oljehaldig avløpsvatn frå avfall eller drift av anlegget (sanering av bilvrak, verkstad, bilvask, uteområde m.m.) skal leiast via sandfang til oljeutskiljar som er dimensjonert etter største belastning og som er driven i samsvar med gjeldande forskriftskrav og retningslinjer.

Nedanfor oljeutskiljaren skal det vere ein inspeksjons- og kontrollkum som gir høve til å ta prøvar av avløpsvatnet utan at det er nødvendig å stige ned.

Følgjande utsleppsgrenser gjeld:

Utslepps-komponent	Utslepps-kjelde	Konsentrasjons-grense	Målefrekvens	Gjeld frå
Olje i avløpsvatn	Oljeutskiljar	50 mg/L	Min. 2 gong per år	d.d.

Fortynning for å oppnå krav til utsleppsavgrensing er ikkje tillate.

4.2. Utsleppstad for prosessavløp

Verksemda kan føre sitt prosessavløp inn på offentlig avløpsnett eller anna avløpsnett på området med utslepp til Norddalsfjorden (Botnafjorden) i høve til dei krava som kommunen set for slikt påslepp.

4.3. Utslepp til luft

Aktivitetane må vere lagt opp på ein slik måte at nemneverdig støv ikkje slepp ut av produksjons-, lagrings- og transportsystema.

Utandørs handtering skal til vanleg skje på fast dekke som må reingjerast jamleg.

5. Støy

Driftstida ved anlegget skal vere måndag til fredag i tidsrommet 07.00 – 18.00, og laurdagar i tidsrommet 07.00 – 13.00. Utkøyring av vrak kan skje frå 07.00 til 22.00 måndag til fredag, og 07.00 til 18.00 på laurdagar.

5.1. Utsleppsgrenser

Verksemda sine bidrag til utandørs støy for kvart driftsdøgn ved nærliggande og eksisterande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige desse grensene, målt eller utrekna som frittfeltverdi ved mest støyutsette fasade 2 m over bakkenivå:

Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	Kveld (kl.19-23) $L_{pAekv4h}$ Laurdag (kl.07-19) $L_{pAekv12h}$	Natt (kl. 23-07) $L_{pAekv8h}$	Sun-/heilag dagar (kl. 07-23) $L_{pAeq16h}$	Natt (kl. 23-07) L_{A1}
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	50 dB(A)	60 dB(A)

* For nattperioden skal støymidlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

Alle støygrenser skal haldast i alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemdområdet og lossing/lasting. Støy frå bygg- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er ikkje omfatta av grensene.

Verksemda pliktar å dokumentere støynivåa dersom de får nærare krav frå Fylkesmannen.

6. Kjemikal

For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for ureining, skal verksemda dokumentere at det er gjennomført ei vurdering av helse- og miljøegenskapane til kjemikalia på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også regelverket om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Det skal vere ei oppdatert vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan vere årsaka av dei kjemikal som vert nytta, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der mindre miljøbelastande

alternativ finst, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁷

Stoff aleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, bringast i omsetting, eller brukast utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket⁸ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

7. Energibruk

Verksemda skal arbeide for å nytte mest mogeleg energieffektive prosessar. Verksemda bør i størst mogleg grad nytte eventuell overskotsenergi internt. Fylkesmannen kan seinare setje nærare krav til system for energileiing og spesifikt energiforbruk.

8. Beredskap mot akutt ureining o.l.

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining, forsøpling eller skjemmande forhold. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget av skadane og ulempene som kan skje. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minst ein gong pr. år.

8.1. Varsling av akutt ureining

Akutt ureining eller fare for akutt ureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift⁹. Verksemda skal også så snart som mogleg og seinast nærast følgande arbeidsdag, gje melding til Fylkesmannen.

9. Utsleppskontroll og overvaking

9.1. Kartlegging av utslepp

Verksemda pliktar systematisk å kartleggje eigne utslepp til luft og vatn. Dette gjeld både punktutslepp og diffuse utslepp, og der det er relevant omfattar det også lukt og støy. Verksemda skal leggje kartlegginga til grunn for utarbeiding av program for utsleppskontroll.

9.2. Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn ved å gjennomføre målingar. Målingar omfattar volumstrøm-måling, prøvetaking, analyse og utrekning. Målingane skal gjennomførast slik at dei er representative for dei faktiske utsleppa til verksemda og skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdier fastsett i løyvet eller i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha noko å seie for miljøet og dermed vert omfatta av rapporteringsplikta

⁷ Jf Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

⁸ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH) av 30. mai 2008.

⁹ Forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i den dokumenterte internkontrollen til verksemda.

9.3. Overvaking av resipientar

Verksemda skal, så langt det er relevant, syte for overvaking av moglege effektar av utslepp frå sine aktivitetar til luft, grunn, vatn og sediment. Overvakinga skal skje i samsvar med godkjent overvakingssystem.

10. Rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal årleg innan utgangen av mars informere Fylkesmannen om drift og aktivitetar førre år som kan ha hatt noko å seie for det ytre miljøet. Innhaldet i omtalen er nærare omtalt i vedlegg 4. Rapporten må også innehalde ei vurdering av resultat og behov for tiltak.

Handtering av kasserte køyretøy skal rapporterast årleg til Fylkesmannen på særskild skjema, dersom opplysningar ikkje vert gjort tilgjengelege for Fylkesmannen via Autostat.

Verksemda skal i samband med rapportering av avfalls- og utsleppsdata til Fylkesmannen oppgjere og kommentere usikkerheita i datamaterialet.

11. Økonomiske forhold

11.1. Finansiell sikring

Verksemda skal stille finansiell sikring for kostnadane med å ta hand om alt farleg avfall dersom verksemda legg ned sin aktivitet, stansar drifta eller får betalingsproblem. Utan ein godkjent finansiell sikring kan anlegget ikkje ta imot farleg avfall, dersom ikkje Fylkesmannen særskilt har godkjent mellombels utsetjing av kravet. Type sikring skal vere særskild godkjent av Fylkesmannen.

Dersom driftsansvarleg firma vert overdrege, fisjonerer / fusjonerer, får nye eigarar med avgjerande rett til vedtak, eller på annan måte omdannar eller overfører den ureinande verksemda til nytt ansvarleg firma, skal dette vere meldt til Fylkesmannen på førehand. Nytt driftsansvarleg firma kan ikkje drive etter utsleppsløyvet før Fylkesmannen har motteke og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet. Tidlegare driftsansvarleg firma er ansvarleg etter dette løyvet fram til nytt driftsansvarleg firma har etablert finansiell sikring, og denne er godkjent av Fylkesmannen.

11.2. Krav til rekneskap ved lagring av farleg avfall

Lagra farleg avfall skal takast med i verksemda sitt årlege rekneskap i samsvar med rekneskapslova slik at dei framtidige kostnadane ved vidaresending og behandling av dette avfallet kjem fram i rekneskapen.

12. Større endringar

12.1. Utsifting av utstyr

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

Ved all utskifting av utstyr skal verksemda nytte dei beste tilgjengelege teknikkane for å motverke forureining.

12.2. Eigarskifte

Viss verksemda blir overdratt til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

Løyvet kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå Fylkesmannen. Ny eigar kan ikkje ha eller ta imot avfall ved anlegget utan etter avklaring med Fylkesmannen.

12.3. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom anlegget vert nedlagt eller stansa for ein lengre periode, skal den ansvarlege melde frå til Fylkesmannen. Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan føre til ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter driftsstans, skal det opplysast særskild.

Den ansvarlege er den eller dei verksemdene som har hatt aktivitet ved anlegget/a, eigar av anlegg eller arealet eller brukar av anlegget/a. Fylkesmannen vil ved behov rette krav mot den vi vurderer som primært ansvarleg. Ved eventuelt fleire ansvarlege, må dei avtale ansvarsforhold etter privatrettslege avtalar.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og å rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i samsvar med gjeldande forskrift¹⁰. Dei tiltaka som vert gjennomførte i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon på disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell kjøpar/ar.

Ved ny oppstart skal den ansvarlege syte for at driftsstaden er i miljømessig tilfredsstillande stand. Før oppstart skal den ansvarlege i god tid i førevegen gje melding til Fylkesmannen som kan gjere nødvendige endringar i eksisterande løyve, nekte godkjenning av ny ansvarleg eller be om at ønskt aktivitet går gjennom ny søknadsprosess. Dette gjeld for all aktivitet som kan medføre fare for ureining eller kunne verke skjemmande.

¹⁰ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. vilkår 2.1

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går utrykkeleg fram av vilkåra.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

	Vanlege forkortingar
Bromerte flammehemmarar:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorhaldige organiske sambindingar	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksin og furanar	dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkan C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkan C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzenar	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenylar	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP
Enkelte tensid:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Nitromusksambindingar	
.....Muskxylen	
Alkylfenolar og alkylfenoletoksylatar:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksylatar	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylatar	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol
Per- og polyfluorerte organiske sambindingar (PFAS)	

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA
Tinnorganiske sambindingar:	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT
Polysykliske aromatiske hydrokarbon	PAH
Ftalatar	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP
Bisfenol A	BPA
Siloksanar	
Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyktotetrasiloksan	D4
Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

VEDLEGG 2 - Definisjonar

L_{pAeqT} er eit mål på det gjennomsnittlege (energimidla) nivået for varierende lyd over ein bestemt tidsperiode T, til dømes 8, 12 eller 24 timar. Ekvivalentnivået gir dermed eit nivå på den gjennomsnittlege lydenergien ein har vore utsett for i den utrekna tida. Ei dobling av lydenergien svarar til ei auke i lydstyrken på 3 dB. Det vil seie at ei slik auke vil medføre at påverknadstida må halverast dersom ekvivalentnivået skal vere det same.

Med **tett (ugjennomtrengelig) dekke** meiner vi frostsikkert dekke med permeabilitet mindre enn $K=1 \times 10^{-6}$ m/s målt i vassmetta tilstand. Med **fast dekke** meiner vi som minimum heil asfalt utan sprekkar.

For både typar dekke må underlaget vere dimensjonert for å tåle bruk av vanleg nytta maskinar slik at toppdekke ikkje sprekk opp eller vert deformert.

Med **Olje** meiner vi dei stoffa som kan ekstraherast frå ein vassprøve med hjelp av organiske løysemiddel. Etter gjeldande standard NS 9377 (gasskromatografi) vil ein vesentleg måle upolare oljekomponentar i kokepunktområdet $C_{10} - C_{40}$. Nemninga kan også vere HOI (hydrocarbon oil index) dersom målt på utanlandsk analyselab.

Definisjonar av avfall står i §§ 27 og 27a i ureiningslova. Nærare forklaring av avfall som kan deponerast og kva som er farleg avfall er omtalt i §§ 9-3 og 11-3 i avfallsforskrifta. Nokre sentrale definisjonar er omtalt her:

- *Avfall*: kasserte løysøregjenstandar eller stoff som nokon har kassert, har til hensikt å kassere eller er plikta å kassere. Etter dette vert m.a. ureina vatn som er særskild samla opp og meint for lovleg disponering annan stad, omfatta av avfallsregelverket.
- *Farleg avfall*: avfall som ikkje hensiktsmessig kan handterast saman med ordinært avfall fordi det kan medføre alvorleg ureining eller fare for skade på menneske eller dyr.
I dette løyvet meiner ein her farleg avfall som må klassifiserast som farleg etter definisjonen i § 11-2 i avfallsforskrifta, og som omfattar avfallstypar som Miljødirektoratet og Fylkesmannen har tilsyns ansvar for. Det vil seie at dette løyvet ikkje omfattar handtering av avfall i avfallskodane HP 1 (eksplosivt), HP 9 (smittefarleg, her gjeld reglane i forskrift om smittefarlig avfall fra helsetjeneste og dyrehelsetjeneste mv.) eller HP 15 (avfall som kan ha ein farleg eigenskap som er nemnd over, men som ikkje direkte framgår av det opprinnelege avfallet).

Avfall under HP 1 eller HP 15 kan høyre til følgjande klasser etter ADR¹¹:

Klasse 1:	Eksplorative stoff o.l. (ansvar DSB, ev. politiet)
Klasse 4.2	Sjølvtennande stoff (ansvar DSB)
Klasse 5.2:	Organiske peroksid (ansvar DSB)
Klasse 7:	Radioaktive stoff (ansvar Statens strålevern)

- *Handtering av farleg avfall* er definert i § 11-3 i avfallsforskrifta som ei fellesnemning for mottak, gjenvinning og sluttbehandling av farleg avfall. Det omfattar også førebuing til og lagring medan ein ventar på gjenvinning eller sluttbehandling.
I vilkår 1 i dette løyvet er tillate handtering avgrensa til å omfatte handlingar som Fylkesmannen har rettsleg kompetanse til å gje løyve til. Verksemda må såleis sjølv avklare med DSB, politiet eller Statens Strålevern om eventuell handtering av avfall dei har tilsyns ansvar for.
- *Handtering av kasserte køyretøy* er definert i § 4-3 i avfallsforskrifta som ein kvar aktivitet etter at køyretøyet er levert til eit behandlingsanlegg for kasserte køyretøy for fjerning av farlege stoff og vidare demontering, deling, fragmentering, gjenvinning eller førebuing til fjerning av restavfall etter fragmentering (shredder-fluff), eller andre operasjonar som vert gjort for gjenvinning eller sluttbehandling av det kasserte køyretøyet og delar herifrå.

¹¹ ADR: Europeisk avtale om internasjonal vegtransport av farleg gods. Styresmakt: Vegvesenet.

- *Mottak*: eit tilbod, stasjonært eller mobilt, der avfallshavar kan levere farlig avfall.
I dette løyvet er "mottaket" det stasjonære anlegget på det nærare avgrensa arealet omtalt i løyvet.
- *Gjenvinning* er eit kvart tiltak der hovudresultatet er at avfall kjem til nytte ved å erstatte material som elles ville verte brukt, eller at avfall er vorte forberedt til dette. Nærare omtale av kva for tiltak som kan reknast som nyttiggjering er omtalt i § 27 i ureiningslova.
- *Sluttbehandling*: kan omtalast som dei tiltaka som vert gjort med avfall som ikkje er gjenvinning, til vanleg deponering eller forbrenning utan – eller utan tilstrekkeleg - energiutnytting av avfall
z Dette løyveskrivet tillet også tiltak som sluttbehandling i avfallsdeponi behandla avfall og ureina massar.

Med **kjemikal** meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som brukast i verksemda, slik som hjelpekjemikal som vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannhindrande middel m.m.

VEDLEGG 3 – Innhald i årsrapport

Føremål: Å informere tilsynet, kundar og nærmiljø om aktiviteten ved anlegget siste året. Rapporteringa skal gje opplysningar om verksemda som tilsynet har behov for i utøving av tilsynsoppgåvene etter kapittel 7 i ureiningslova (tilsyn med forurensningar og avfall). Opplysningane er offentleg tilgjengeleg så langt dei ikkje vert råka av unntaks- eller teiepliktreglane i forvaltningslova, offentlegheitslova eller miljøinformasjonslova.

Rapporteringsform: tekst og tabell/figur levert elektronisk til miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen.

Innhald

1. Utfylt rekneark (motteke frå Fylkesmannen) for mengd og type avfall.
2. Kort omtale av drifta siste året.
3. Evaluering av miljøprestasjon¹² (dersom utvikla).
4. Resultat av målingar av utslepp. Vurder i høvet til grenseverdiar i løyvet, og om utsleppa har auka, minka eller ligg på same nivå i høve som førre år.
5. Omtale av skriftlege eller munnlege klagar eller merknader til drifta frå andre, og om eigen oppfølging. Omtale av visuelle tilhøve som kan verke skjemmande.
6. Omtale av eventuelle viktige avvik (ytre miljø) og eigen oppfølging. Vurderinga etter leiinga sin årleg gjennomgang når det gjeld det ytre miljøet.
7. Oversikt over eigne, genererte avfallsmengder.
8. Omtale av førebyggjande tiltak, eventuelle unormale hendingar som kan gjelde ytre miljø.
9. Omtale av og eigen vurdering av informasjonstiltak (gjerne supplert med resultat av del feilsortert/manglande sortering av avfall av kundane, forsøk på feillevering, osv.).
10. Resultatet av vurderinga av utbytting (substitusjon) av kjemikal med andre, mindre farlege kjemikal.
11. Oversikt over type økonomisk sikkerheit, og storleiken på nødvendig, avsett beløp. Vurder om behov for endring. Minimum kvart 5. år skal nytt grunnlag sendast inn for godkjenning.

¹² "Miljøprestasjon" (Environmental performance evaluation (EPE)) er eit omgrep for verksemdar som er sertifisert etter ISO 14000 eller registrert etter EMAS-forordninga, og nærare omtalt i NS-EN ISO 14031. Verksemd som ikkje har slikt miljøstyringssystem, kan nytte opplegg og råd i NS-EN ISO 14031 så langt det passar, eller rapportere etter pkt. 3 – 10 i denne lista (så langt det passar).